



## Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Behandlende enhet:  
Region vest

Saksbehandler/telefon:  
Gun-Mari Ødegård / 57655834


Vår referanse:  
19/1681-1

Deres referanse:

Vår dato:  
03.01.2019

### Namn på tunnel på fv.55 i Balestrand kommune

Tidlegare gjekk rv.55 gjennom Balestrand sentrum. Då det vart behov for å utbetre denne strekninga vart riksvegen flytta til ei øvre line og det vart bygd og opna ny tunnel ved Kræklingen i 1985. Seinare har riksvegen blitt omklassifisert til fylkesveg. Balestrand kommune har teke kontakt med Statens vegvesen med ønskje om at tunnelen skal skiltast med namn. Men det er ikkje vedteke namn på tunnelen og den kan ikkje skiltast før det er fatta vedtak.



Postadresse  
Statens vegvesen

Telefon: 22 07 30 00

Kontoradresse  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Org.nr: 971032081

Stadnamnlova gir reglar for prosessesen med å sette namn på stader og korleis namn i offentleg bruk skal skrivast. Tunnelen er del av fylkesvegnettet og Statens vegvesen førebur saka for Fylkeskommunen. Fylkeskommunen skal sende namnesaka vidare til kommunen.

Bustadområdet aust for tunnelen heiter Kreklingen og den kommunale vegen som går opp i dette området heiter Kreklingevegen. Namnet «Kreklinge-/Kreklingen» har tilknytning til området. NVDB er ein nasjonal database med detaljert informasjon om alle veger i Norge. I NVDB har Statens vegvesen registrert denne tunnelen med namnet «Kræklingentunnelen». I Wikipedia har tunnelen også namnet «Kræklingen tunnel». Namnet er skrive med «æ», men det samsvarar ikkje med namna på området og den kommunale vegen som er skrive med «e».

Statens kartverk har vurdert namnet og dei tilrår at namnet blir skrive «Kreklingetunnelen» for at skrivemåten skal vere tilsvarende lik «Kreklingevegen».

Statens vegvesen har sjekka i NVDB og der finst ikkje andre tunnelar i ERF-vegnettet som heiter «Kreklingetunnelen». Statens vegvesen tilrår at namnet blir «Kreklingetunnelen», i samsvar med vurderinga til Statens kartverk.

Planseksjon  
Med helsing

Ellen Njøs Slinde  
Seksjonsleiar

Ødegård Gun-Mari

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*